



PLAN MOT VALD I NÆRE RELASJONAR



Bremanger kommune 2014

Innholdsliste

1.0	Innleiing	s 3
	Bakgrunn	s 3
	Definisjonar	s 4
	Valdshjulet	
	Omfang	s 4
2.0	Ulike former for vald	s 6
3.0	Symptom på mogleg vald	s 7
4.0	Verknad av vald	s 8
	For partnar	s 8
	For born	s 8
5.0	Eksisterande tilbod og tiltak i og rundt kommunen	s 9
6.0	Mål og tiltak	s 12
	Førebygge vald i nære relasjonar	s 12
	Oppdage og melde i frå om vald i nære relasjonar	s 13
	Ivareta og gje oppfølging/ behandling til offer for vald i nære relasjonar	s 13
	Gje naudsynt hjelp og behandling til dei som utøver vald	s 14

Vedlegg 1

Rutinar ved mistanke om vald og seksuelle overgrep hos barn og ungdom

Vedlegg 2

Rutinar ved mistanke om vald og seksuelle overgrep hjå vaksne, menneske med nedsette funksjonsevne og eldre.

Vedlegg 3

Lover som regulerer informasjonsutveksling og tverrfaglig samarbeid

Vedlegg 4

Kontaktliste

1.0 Innleiing

Bakgrunn

«I Bremanger kommune vert alle barn og unge sine utviklings-, lærings og omsorgsbehov sikra gjennom tidleg innsats, god planlegging, tverrfagleg samarbeid og god koordinering av offentlege og frivillige organisasjonar sitt arbeid» (Sjumilssteget).

«Vi kan ikke akseptere vold, heller ikke den som foregår i det private rom. Det er et offentlig ansvar å bidra til å forebygge og hindre vold i alle grupper av befolkningen» (Vendepunkt 2008 – 2011).

Føremålet med handlingsplanen er å gjere greie for situasjonen for valdsutsette i kommunen i dag, lage målsetjingar og å kome med konkrete framlegg til tiltak for å nå måla. Ein lokal handlingsplan vil styrke det heilskapelege perspektivet i dette arbeidet og vere ein viktig reiskap for å planleggje og setje i verk tiltak som sikrar betre samordning og kompetanse på tvers av sektorar og instansar.

Ein lokal plan mot vald i nære relasjonar skal styrke hjelpetilbodet og vere med å førebyggje vald i heimen og elles i samfunnet.

Definisjonar


Vald er all handling retta mot ein annan person som gjennom at denne handlinga skadar, smertar, skremmer eller krenkar, får denne personen til å gjere noko mot sin vilje eller sluttar å gjere noko den vil (Per Isdal)

Vald i nære relasjonar omfattar vald, fysisk og psykisk, mellom familiemedlemar eller andre som har eit tillitsforhold til/er avhengig av kvarandre. Det er ofte vald som gjentek seg mellom dei same personane.

Valdshjulet

Fritt etter dr Lenore Walker, 1985

Valdshjulet er ein modell som illustrerer dynamikken i eit parforhold prega av vald. Den er i tre fasar som vert gjentekne.



1: Spenningsfase – oppbygging av irritasjon og aggresjon

I denne fasen kan offeret verte sett under stort psykisk press. Det er vanskeleg å vente på eit utbrot som kjem. Valdsutøvar isolerer ofte offeret frå andre. Utøvar har raske svingingar i humøret, kan tenne for bagatellar, kritiserer ofte, kan ruse seg og gjere hærverk i heimen. Valdsutsette har kjensla av å gå på nåler heime og gjer alt for å tilfredsstille valdsutøver.

2: Eksplosjonsfase – utøving av vald

Ulik form for vald kan verte nytta. Valdsutsett kan prøve å beskytte seg, men kan i andre tilfelle også verte apatisk.

3: Kveitebrødsdagane – reperasjon og omsorg mot den valdsutsette

Valdsutøvar tryglar om tilgjeving. Ein sender blomar, gåver og vil sjarmere offeret. Ein erklærer kjærleik og lovar at det aldri vil skje igjen. Valdsofferet trekk tilbake eventuelle meldingar til politiet. Ein stolar på at «denne gongen meiner han/ho alvor om at det ikkje vil skje igjen, han/ho var berre sliten».

Etter tid vert syklusen kortare og kortare. Spenningsfasa varar i kort tid, eksplosjonen aukar i varigheit og intensitet og kveitebrødsdagane svært korte eller fråverande.

Omfang

Nasjonal statistikk

Mange etterlyser eintydige tal, men dei er av ulike årsaker vanskeleg å få fram. Her trur ein det ligg føre store mørketal. Ein trur til dømes at 25 % av vald i nære relasjonar som kvinner vert utsett for vert meldt. Mørketal for menn er truleg større.

Det er gjennomført to større norske studiar om vald i nære relasjonar. Den eine av NIBR (norsk institutt for by- og regionforskning) i 2003 og 2004 der 9 % av kvinnene og 2 % av

mennene rapporterte at dei ein gong i livet var utsett for grov fysisk partnervald.


Drapsraten i Noreg er hjå dei lågaste i OECD-området, medan andelen partner- og familiedrap utgjer ein høg del av dei drepne. Slike drap rammar i stor utstrekning kvinner. Vald i nære relasjonar kan i yttarste konsekvens føre til tap av liv. 7 av 28 registrerte drap i Noreg i 2012 vart utført av noverande eller tidlegare partner (gift eller sambuar). 6 av ofra var kvinner, ein var mann. Dei siste 10 åra er 63 kvinner drepne av noverande eller tidlegare partner. I 2012 overnatta 1929 kvinner, 117 menn og 1763 barn på eitt av landet sine krisesenter.

I 2007 gjennomførte Norsk Institutt for oppvekst og aldring (NOVA) ein studie hjå elevar på vidaregåande skule der 25 % svarte at dei hadde opplevd minst eitt tilfelle av fysisk vald frå ein av foreldra og 8 % rapporterte om grov vald frå minst ein forelder. Kvar tiande ungdom hadde sett eller høyrte minst ein av foreldrene verte utsett for vald i løpet av oppveksten.

Fleire nasjonale studiar viser at det er høgare førekomst av kriminalitet hjå innvandrarar samanlikna med etnisk norske innbyggjarar. Born med innvandrarbakgrunn er også overrepresentert som fornærma i valdssaker. Familien sine verdisystem, posisjon som innvandrar eller flyktning i det norske samfunnet, og tidlegare potensielt traumatiske erfaringar aukar risiko for vald. Økonomiske vanskar, språkvanskar, manglande moglegheiter på arbeidsmarknaden og usikker legal status aukar risiko for vald uavhengig av kulturell bakgrunn.

Lokalt i Bremanger kommune

I perioden 01.01.2011 – 31.12.2013 handsama politiet 29 familievaldssaker i Bremanger kommune. I same periode hadde barnevernstenesta i kommunen 34 saker der born var utsett for eller vitne til vald. Overgrepsmottaket hadde i perioden registrert 1 tilfelle av vald i nære relasjonar hjå innbyggjarar i Bremanger.



2.0 Ulike former for vald

Fysisk vald	All form for fysisk handling som skadar eller kontrollerer eit anna menneske.
Psykisk vald	Når makt eller trugsmål vert nytta for å kontrollere/oppnå noko. All bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som truar, kontrollerer, skadar eller krenkar. Repeterande krenking gjennom truande og kontrollerande åtferd utan omsyn til den andre sine opplevingar og kjensler.
Seksuell vald	Når valden vert retta mot seksualiteten til den andre personen for å kontrollere og audmjuke og/eller når den utsette ikkje avviser overgripar i frykt for kva som kan skje.
Materiell vald	Valdshandlingar som er retta mot gjenstandar eller ting som kan oppfattast truande og skremmande.
Latent vald	Latent vald er vald som verkar berre i kraft av frykt for vald. I nære relasjonar der det har vore utført vald, vil den latente valden lett kunne utvikle seg til å bli den dominerande form for vald sett frå dei utsette si side.
Vald mot eldre	Overgrep mot eldre er ein av de mest skjulte formene for vald. Overgrepa kan være fysiske, psykiske, seksuelle eller økonomiske.
Oppdragarvald	Bruk av fysisk straff som ein kulturelt godkjend del av barneoppseding.
Kontrollerande åtferd	Makt og kontroll over partner/familie. Døme: Økonomisk kontroll, setje borna opp mot kvarandre, trugsmål om å kontakte t.d barnevern/politi, dominerande åtferd, setje partner i forlegenheit, isolasjon.
Æresrelatert vald.	Valdshandlingar utført for å oppretthalde eller gjenopprette ein familie/einskildperson si ære.
Kjønnslemlesting/omskjæring	Ifølge WHO sin definisjon omfattar kjønnslemlesting alle prosedyrer/handlingar som involverer delvis eller total fjerning av eksterne kvinnelege kjønnsorgan, eller som påfører kjønnsorgana anna skade.
Tvangsekteskap	Tvangsekteskap er ekteskap der det vert nytta vald, utilbørleg press, trugsmål eller anna rettsstridig åtferd for å få den eine eller begge partar til å inngå ekteskap.

3.0 Symptom på mogleg vald

Hugs at menneske kan være utsett for eller vitne til vald utan at dei har symptom.
Ein kan også vise symptoma utan å vere utsette for vald.

0 – 1 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Angst, manglande respons, gråt • Spenning, forseinka utvikling. • Hyppige skader. 	<ul style="list-style-type: none"> • Hyperaktivitet, uregelmessig søvnrytme. • Traumatisering. • Problem med fordøyinga.
1 – 5 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Frykt, slår seg vrang, angst, konsentrasjonsvanskar, kopierer utøvaren si åtferd. • Lett for å bli frustrert, lav impuls kontroll, manglande kontroll på urin og avføring, forsenka utvikling, utagering, knuser leikar. • Føler seg splitta mellom foreldra. 	<ul style="list-style-type: none"> • Føler seg makteslaus. • Nervøse vanar • Manglande respekt for kvinner. • Lav sjølv tillit. • Frykt for utøvar, beskyttande overfor mor /yngre søsken, vil være heime, sårbar.
5 – 12 år	
<ul style="list-style-type: none"> • Græt lett, uorganiserte kjensler, utagering. • Spesifikke lærevansker. • Prøver å ha kontroll, perfektjonisme. • Sjølv mordstankar, sjølvskading, sinne mot seg sjølv, desperasjon. • Hærverk, voldsom åtferd • Problem med tillit, føler seg hjelpelaus, utan håp. 	<ul style="list-style-type: none"> • Overdreven ansvarleg, prøver å vere vaksen. • Rømme heimanfrå. • Sinne mot mor/far • Vald mot utøvar. • Manglande empati og ansvar. • Manglar grenser, manglande struktur og fokus. • Seksualisert åtferd
Unge (jenter)	
<ul style="list-style-type: none"> • Problem med tillit • Problem med merksemd. • Dropper ut av skulen. • Sterkt ynskje om å verte beskytta (farsfigur) • Manglende sjølvinnsett, personlegdomsproblem, skuldkjensle • Ikkje i stand til å fungere heime, rømmer heimanfrå, hatar foreldra. 	<ul style="list-style-type: none"> • Manglande grenser, rusmisbruk. • Føler seg hjelpelaus og utan håp. • Tidleg graviditet. • Blir emosjonelt nummen, deprimert • Sjølvskading, problem med mat. • Føler spenning og er rastlaus. • Ikkje i stand til å fungere i relasjonar
Unge (gutter)	
<ul style="list-style-type: none"> • Føler seg hjelpelaus, opplever skuld. • Problem med å halde fokus • Brukar vald som meistring. • Tilbaketrekking, antisosial åtferd, har ikkje vener. • Problem med å flytte fokus • Rusmisbruk • Skamfull og flau 	<ul style="list-style-type: none"> • Tenkjer at vald er ok i parforhold . • Utagerande, deprimert. • Problem med relasjonar. • Treng kontroll. • Droppar ut av skulen. • Vald mot utøvar. • Seksuelle problem. • Sjølvskading, sjølv mordstankar.
Vaksne/eldre	
<ul style="list-style-type: none"> • Nær relasjon har tungt alkohol-, stoff eller medikamentmisbruk. • Nær relasjon er sjuk eller er i krisesituasjon. • Fysisk, psykisk eller økonomisk avhengig av andre familiemedlemmer. • Dårleg kommunikasjon i familien. • Isolasjon, asosial åtferd, unvikande. 	<ul style="list-style-type: none"> • Stadige fall, brot, blåmerker og hudskader • Misforhold mellom skader og forklaring av årsaker, ulike forklaringar på same hending • Vekttap • Teikn på depresjon, angst og søvnevanskar. Hyppige legebesøk med ”nervar” • Dårleg sjølv tillit, skulde seg sjølv.

4.0 Verknad av vald

For partner

Offer for vald lever i konstant frykt for nye valdsepisodar, og kan gradvis verte meir og meir isolert. Dette kan føre til at ein ikkje maktar å gjennomføre det som synast å vere den einaste logiske utgongen av det valdelege tilhøvet; at ein søker hjelp eller bryt ut av forholdet.

Andre faktorar for å ikkje bryte ut av forholdet kan vere:

- At valdsutøvar har stor makt og kontroll.
- Samanblanding av vald og kjærleik, (brutte) løfter fra voldsutøveren om at ”det ikkje skal skje igjen”.
- Nedbroten sjølvkjensle, skam og manglande tru på at ein kan klare eit sjølvstendig tilvære.
- Trugsmål om at økonomien vil bryte saman dersom ein bryt ut av parforholdet.
- Frykt for at valden vil eskalere dersom ein bryt ut av parforholdet.
- Frykt for reaksjonar frå sosiale relasjonar, familie og nettverk elles.
- Kvinner med innvandrerbakgrunn kan i tillegg oppleve frykt for utvisning ved skilsmisse, press fra familien osv.
- For funksjonshemma kan trong for dagleg hjelp, svakt sosialt nettverk og svak økonomi vere sentrale hindringar.

For born

Å verte utsett for vald i heimen gjev barnet risiko for alvorlege fysiske, psykiske og åtferdsmessige problem. Vald i nære relasjonar verkar inn på barnet sine oppvekstvilkår. Både grunna dei skadelege verknadane av valden i seg sjølv, og fordi valden kan verke inn på ein forelders høve til å gje barnet tilstrekkeleg omsorg og til å vere ein god forelder. Det å vere utsett for vald i oppveksten fører til auka risiko for at ein sjølv utviklar ei valdeleg åtferd.



5.0 Eksisterande tilbod og tiltak i og rundt kommunen.

Det er mange instansar som er engasjert på ulike måtar i saker som gjeld overgrep. Det er ikkje høve til å nemne alle, vi har difor valt ut nokre som vi ynskjer å presentere nærare. Sjå vedlegg for kontaktinformasjon.

TILBOD INTERNT I KOMMUNEN:

- **Barnehagar, skular, SFO og PPT:**

Barnehagane, skulane og SFO kan få informasjon om at born kan vere utsett for vald i familien ved at borna sjølv eller andre kjem med opplysningar. Dei vil også kunne få informasjon på grunnlag av personalet sine observasjonar. Tilsette i oppvekstsektoren tek del i born og unge sitt liv og vil gjennom det kunne få kunnskap om livssituasjonen til den einskilde. Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) vil gjennom sine oppgåver også få kunnskap om livssituasjonen til dei borna som vert følgd opp.

- **Barneverntenesta**

Barnevernet sitt ansvar og arbeidsoppgåver finn vi i "Lov om barneverntjenester". Lova sitt føremål er "å sikre at born og unge som lever under tilhøve som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid, og å hjelpe til at born og unge får trygge oppvekstvilkår". Barneverntenesta kan også nyttast som rådgjevar i anonyme saker.

- **Psykisk helseteam**

Psykisk helseteam i Bremanger kommune gjev hjelp til personar i alle aldrar som har psykiske helseproblem eller er i ein psykisk vanskeleg livssituasjon. Dette kan vere hjelp til meistring av dagleglivet, støttesamtalar, råd og rettleiing, både til den sjuke og til pårørande. Dei kan også yte bistand/rettleiing i høve kontakt med andre kommunale tenester.

- **Helsestasjon for born og ungdom**

Helsestasjonane i Bremanger kommune er lokalisert i Svelgen og på Hauge. Helsestasjonane skal fremje god fysisk og psykisk helse i tillegg til å fremje gode sosiale og miljømessige forhold for born og unge mellom 0 og 20 år. Det er eit gratis lågterskeltilbod. I tilknytning til helsestasjonen er det tilsett ein miljøarbeidar. Miljøarbeidaren kan rettleie og gje råd i høve t.d. grensesetjing, tilknytning og samspel. Miljøarbeidar kan også vere ein samtalepartnar for born og unge.

PMTO (Parent management Training- Oregon) er eit individuelt og terapeutisk tilbod til foreldre som har samspeilsvanskar med barnet/borna. Bremanger kommune utdannar to PMTO terapeutar som er knytt til helsestasjonen og PPT.

- **NAV**

Sosiale tenester i kommunane vert forvalta gjennom NAV-kontoret. Ut frå sosialtenestelova skal dei gje opplysning, råd og rettleiing som kan bidra til å løyse eller førebygge sosiale problem. NAV kan informere om kva rettar den einskilde har, dei kan bidra med økonomisk støtte og yte hjelp til å skaffe bustad.

- **Fastlege/legevakt**

Dei som vert utsett for vald kan ha behov for behandling hjå lege, det kan vere hjå fastlege eller legevakt. Kommunen har fire legar stasjonert på legesentera i Svelgen og på Hauge.

- **Kriseteam**

Kriseteamet er ein del av Bremanger kommune sin beredskap. Politi, lege eller AMK kan kontakte gruppa. Det er ulike fagpersoner i kriseteamet. Målet er å få god handtering av livstrugande og kritiske situasjonar og å redusere uheldige langtidsverknader.

- **Pårørande til demente**

Å være omsorgsgjevar for ein person med demens i familien, kan vere belastande. Bremanger kommune har grupper for påørande til personar med demens og demensteam. Gruppene kan gje auka tryggleik og betre meistring av eigen kvardag ved at dei påørande får auka kompetanse.

EKSTERNE TILBOD:

- **Familierettleiing**

Familierettleiing er eit tilbod til familiar eller enkeltpersonar som treng hjelp til å takle utfordringar i kvardagen. Familiekontoret tilbyr parterapi, familieterapi og mekling ved samlivsbrot. Innbyggjarar i Bremanger kommune nyttar familievernkontor på Nordfjordeid og i Førde. Tilbodet er gratis og ein treng ikkje tilvising.

- **Overgrepsmottak**

Helse Førde har overgrepsmottak der dei tek imot kvinner som er utsett for seksuell vald. Dei arbeider med å utvide tilbodet til også å gjelde andre grupper.

- **Sogn og Fjordane Krisesenter**

Krisesenteret arbeider for å beskytte, støtte og rettleie valdsutsette kvinner, menn og borna deira. Det kan vere vald/mishandling av person i nær relasjon som ektefelle, sambuar, søsken eller forelder. Det kan også vere æresrelatert vald eller valdtekt. Krisesenteret er døgnope. Krisesenteret har butilbod til menneske som må reise frå heimen sin grunna vald og/eller truslar eller andre krisesituasjonar. Butilbodet for kvinner og menn er adskilt. Kvinner og menn som har behov for hjelp men ikkje treng eit butilbod, kan nytte seg av dagtilbodet. Ein får same støtte, hjelp og oppfølging som dei som bur på senteret. Ein har også ambulerande tilbod og juridisk rettleiing.

- **Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat, statleg barnevern)**

Bufetat tek i mot henvendingar frå den kommunale barneverntenesta der det er behov for tiltak utover kommunen sitt ansvarsområde.

- **Politiet**

Politiet sitt arbeid mot familievald har høg prioritet. Det er egne koordinatore for familievald og seksuelle overgrep i alle politidistrikt, og politiet samarbeider med mange etatar og organisasjonar for å redusere denne typen kriminalitet. Politiet i Sogn og Fjordane vert leia frå Florø. Politiet kan setje i verk sikringstiltak for offer eller tvangstiltak mot utøvar. Politiet har barnevernet sitt mynde utanom barnevernet sine opningstider. Akutt plassering i beredskapsheim skjer i samarbeid med Bufetat.

- **Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane (SMISO)**

Senteret ligger i Førde. Dei meiner "Incest skal talast i hel – ikkje teiast i hel". SMISO gjev støtte og råd til unge og vaksne som har vore utsett for incest og seksuelle overgrep, familiane deira, private og offentlege nettverk. Dei har tilbod om samtalar, sjølvhjelpsgrupper, juridisk rådgjeving, praktisk støtte og arrangerer temadagar.

- **Ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS- Vest)**
RVTS tilbyr konsultasjon og rettleiing, undervising og nettverksbygging til fagpersonar og ressurspersonar som i sitt virke møter menneske som er råka av vald, traume, sjølvmondsåtferd og relaterte belastande livshendingar. Dette omfattar fagpersonar og ressurspersonar på alle nivå i tenesteapparatet og innan alle etatar, samt innan frivillige organisasjonar.

- **Alarmtelefon for barn og unge**
Ope måndag – fredag 15.00-08.00, døgnope i helgane. Her kan born som er utsett for omsorgssvikt, overgrep og vald ta kontakt. Ein kan som barn melde bekymring for en ven. Vaksne kan ta kontakt i høve bekymring for born og unge.

- **Redd Barna**
Redd barna har lansert kampanjen ”Vennligst forstyr”. Ein ynskjer at vaksne bryr seg om borna for å sjå og avdekke vald og overgrep mot barn. Sjå heimesida til redd barna for meir informasjon: http://tn.reddbarna.no/default.asp?V_ITEM_ID=21146

- **Barnehuset**
Barnehuset er eit tilbod til born, ungdom, vaksne psykisk utviklingshemma og familiar når det er mistanke om at dei kan ha vore utsett for eller vore vitne til vald eller seksuelle overgrep. Barnehuset i Bergen dekkjer området Hordaland og Sogn og Fjordane. Det kan utførast avhøyr, medisinsk undersøking, oppfølging og behandling, råd og rettleiing.

- **Vern for eldre**
Overgrep mot eldre skjer både i private heimar og på institusjonar. Vern for eldre hjelper dei som står i fare for eller er utsette for overgrep. Tilbodet er gratis, og du kan vere anonym. Alle over 62 år som er utsette for overgrep, kan ringe for å få råd, rettleiing og hjelp.

- **Akan**
Akan sitt mål er å sette heile det norske arbeidsliv i stand til å førebygge rusproblem slik at sjukefråværet vert redusert, effektivitet og livskvalitet vert auka. Sjå heimesida for meir informasjon: <http://akan.no/>

- **Røde Kors**
Røde Kors Hjelpekorps er ei frivilleg beredskapsteneste. Dei har også besøksteneste og sosiale tiltak. Sjå heimesida: <http://www.rodekors.no/vart-arbeid/hjelpekorps/omhjelpekorps/>

- **REFORM (Ressurssenter for menn)**
Gratis juridisk råd og rettleiingsteneste for menn som er i ein vanskeleg situasjon.

- **JURK (Juridisk rådgjeving for kvinner)**
Gratis juridisk råd og rettleiingsteneste for kvinner som er i ein vanskeleg situasjon.

- **MiRA (Ressurssenter for innvandrer- og flyktningskvinner)**
Rådgjeving, informasjon og krisehjelp.

6.0 Mål og tiltak

- **Hindre og redusere vald i nære relasjonar**

- **Førebygge vald**
- **Oppdage og melde vald**
- **Oppfølging av valdsoffer**
- **Oppfølging av valdsutøver**

Førebygge vald i nære relasjonar			
Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Kostnad
Ein ynskjer at «det tverrfaglege møtet» skal arbeide med primærførebyggande arbeid mellom anna ved å auke kompetansen til alle tilsette i Bremanger kommune om vald i nære relasjonar. «Det tverrfaglege møtet» kan også fungere som eit råd for meldarar og sakshandsamarar i saker som handlar om vald i nære relasjonar. Ein skal melde inn saka til leiar i det tverrfaglege møtet.	Rådmann	Ved iverksetjing av plan Kontinuerleg oppfølging	Driftsmidlar
Synleggjere og gje råd til alle innbyggjarane i kommunen ved: <ul style="list-style-type: none"> • At informasjon er lett tilgjengeleg på kommunen si nettside. • At plan mot vald i nære relasjonar vert publisert og vert å finne på aktuelle stader der innbyggjarane møter kommunen. • God informasjon om hjelpeinstansar. • Sørge for at informasjonen når ut til barn og ungdom 	Tverrfaglege møtet Servicekontoret	Innan 01.06.2016 Kontinuerleg oppdatering	Driftsmidlar
Heve kompetansen for personar i aktuelle stillingar/posisjonar. <ul style="list-style-type: none"> • Starte innføring av planen med seminar om tema 	Rådmann Tverrfagleg møte	Innan 01.06.2016	Prosjektmidlar, kursmidlar på ulike driftsbudsjett
Styrke tverrfagleg samarbeid mellom lokale og regionale hjelpetilbod: <ul style="list-style-type: none"> • Bruke eksisterande tverrfagleg møte (PPT/bhg/skule/barnevern/helsestasjon/psykisk helse) • Samarbeid med politi/krisesenter og t.d. andre som familievernkontor, RVTS. 	Rådmann Tverrfagleg møte	Innan 01.06.2016 Kontinuerleg oppdatering	Driftsmidlar
Fokus på vald i nære relasjonar som tema i skulen ved til dømes å invitere SMISO S&Fj	Kommunalsjef Skule/Driftssjef Tverrfagleg møte	Kontinuerleg	Driftsmidlar
Systematisk innhente oversikt over folkehelse og eventuelle faktorar som kan verke inn. Dette til bruk i styringsdokument, planar og tverrfagleg samarbeid.	Kommunalsjef helse og oppvekst	Kontinuerleg frå 2015	Driftsmidlar og prosjektmidlar
Evaluering av planen	Rådmann	Kontinuerleg	Driftsmidlar

Oppdage og melde i frå om vald i nære relasjonar			
Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Kostnad
Implementere rutinar for korleis oppdage, handtere og melde frå om vald i nære relasjonar. Sjå vedlegg 1 og 2.	Rådmannen (kommunalt ansvar), alle tilsette (individuelt ansvar)	Kontinuerleg	Driftsmidlar
Styrke kompetansen hjå kommunalt tilsette for raskare kunne oppdage valden: <ul style="list-style-type: none"> • Med relevante kurs/utdanning. • Ved å bruke eksisterande tverrfagleg møte som samarbeidsteam . • Hente inn eksterne forelesarar (RVTS, SMISO, Sofies stiftelse, krisesenter, Helse Førde, familievernkontor, politi) 	Rådmann, tverrfagleg møte, driftseiningar	Kontinuerleg	Driftsmidlar
Informasjon om hjelpetiltak til innbyggjarane <ul style="list-style-type: none"> • På kommunen si nettside • Brosjyrar/publikasjonar 	Tverrfagleg møte, servicekontoret	Kontinuerleg	Driftsmidlar

Ivareta og gje oppfølging/behandling til offer for vald i nære relasjonar			
Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Kostnad
Fokusere på valdsofferar ved å sikre at tilsette kjenner til plan mot vald i nære relasjonar, sjå vedlegg.	Kommunal leiing	Kontinuerleg	Ordinære driftsmidlar
Gje lavterskeltilbod til valdsoffer.	Interne og eksterne tilbod	Høg prioritet ved behov	Ordinære driftsmidlar
Gje best mogeleg oppfølging/behandling ved å styrke samarbeidet med aktuelle eksterne instansar.	Aktuelle kommunale instansar	Ved behov	Ordinære driftsmidlar
Vurdere kva hjelp valdsofferet har behov for – eksempel er: <ul style="list-style-type: none"> • Barne/ungdomspsykiatrisk team • Valdsteamet • Familievernkontoret (Førde, Eid) • Krisesenteret (Florø) • Overgrepsmottaket (Helse Førde) • SMISO (Senter mot incest og seksuelle overgrep) • DPS (distriktpsikiatrisk senter) • Frivillege organisasjonar (nettverksbygging for personar under beskyttelse/hemmeleg adresse) • JURK (Juridisk rådgjeving for kvinner) • REFORM (Ressurscenter for menn) • MiRA (Ressurscenter for innvandrere- og flyktningkvinner) 	Aktuelle kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar	Ved behov	Statlege og kommunale driftsmidlar
Kommunen skal ha tilbod om krisesenter til kvinner, born og menn. Kommunen kan ha avtale med ulike eksterne samarbeidspartnarar som til dømes SMISO	Kommunalsjef for helse og omsorg	Kontinuerleg	Driftsmidlar
Tilbod om bustad og anna relevant oppfølging til valdsofferet	NAV	Ved behov	Driftsmidlar

Gje naudsynt hjelp og behandling til dei som utøver vald.

Tiltak	Ansvar	Tidsrom	Kostnad
<ul style="list-style-type: none"> • Gje valdsutøvar tilbod om råd/retteleing ved å nytte både eksisterande kompetanse internt og eksternt: ✓ Alternativ til vald – sinnemeistring (ISP) ✓ Rusbehandling ✓ Psykisk helsehjelp ✓ Familievernkontor ✓ Foreninga to foreldre ✓ JURK (Juridisk rådgjeving for kvinner) ✓ REFORM (Ressurssenter for menn) 	Instansar som kjem i kontakt med valdsutøvar	Ved behov	Drifts- midlar



Vedlegg 1

RUTINAR VED MISTANKE OM VOLD OG SEKSUELLE OVERGREP HJÅ BORN/UNGDOM

Dersom tilsett har informasjon, eller har direkte observasjonar om vald mot born, har ein eit sjølvstendig ansvar og plikt til å melde til både barnevernet og til politi.

Ved mistanke eller bekymring i skule, barnehage, helsestasjon eller liknande:

- Skriv ned observasjonar/utsagn barnet/ungdomen kjem med som gjer grunn til bekymring
- Vurder om det er teneleg å informere barnet/ungdomen om at vi vil drøfte saka med leiar

- ❖ Drøft med leiar – leiar følgjer rutiner og retningslinjer
 - Eventuelt anonym drøfting med barnevernet. Drøftinga skjer utan at føresette er informert og skal innehalde spørsmålet om dei eventuelt skal informerast og av kven
 - Ein kan også drøfte saka anonymt i kommunen sitt tverrfaglege råd mot vald
 - Om ein ikkje sender melding til barnevernet observerer ein vidare

- ❖ Melding til barnevern, skjema for melding er å finne på kommunen sine heimesider
 - Barnevernet innhentar opplysningar innan sju dagar som grunnlag for å vurdere om saka skal undersøkast vidare eller leggjast vekk

- ❖ Melding attende til offentleg melder frå barnevern om iverksetjing av undersøking eller at ein ikkje finn grunn til vidare tiltak
 - Det vert vurdert om det er hensiktsmessig å innhente samtykke frå omsorgspersonar for å opplyse saka

- ❖ Barnevernet si drøfting med politi
 - Barnevernet drøftar anonymt med politi om det er heimel til og teneleg med samarbeid og/eller etterforsking/melding

- ❖ Melding til politi
 - Politi etterforskar og samarbeider med barnevernet
 - Saka kan få ein strafferettsleg avgjerd, lagt vekk eller overført til annan institusjon for oppfølging
 - Samarbeid undervegs

Vedlegg 2

RUTINAR VED MISTANKE OM VALD OG SEKSUELLE OVERGREP HJÅ VAKSNE, MENNESKE MED NEDSETTE FUNKSJONSEVNE OG ELDRE

- ❖ Vurder om det er teneleg å stille direkte spørsmål til vedkomande om ho/han vert eller har vore utsett for vald eller overgrep.
- ❖ Skriv ned hendinga(ne) og omfanget av det som vert beskrive eller observert.
- ❖ Drøft saka med næraste leiar/driftssjef.
- ❖ Ved behov må du sørgje for at den utsette er trygg og vert ivareteken, til dømes av Krisesenteret.
- ❖ Eventuelt kople inn andre aktuelle samarbeidspartnarar.
- ❖ Oppmode den utsette til å søkje hjelp hjå politi eller vurder å melde det sjølv.

Sjå kontaktliste for aktuelle telefonnummer.



Vedlegg 3

AKTUELLE LOVER (Utdrag)

Avvergingsplikt, straffelova § 139

Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater å anmelde til politiet eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det fremstår som sikkert eller mest sannsynlig at handlingen vil bli eller er begått. Avvergingsplikten gjelder uten hensyn til taushetsplikt.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1902-05-22-10/KAPITTEL_2-6#KAPITTEL_2-6

Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven).

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1902-05-22-10/KAPITTEL_2-13#KAPITTEL_2-13

Helsepersonelloven kap. 5, 6 og 7 – Taushetsplikt, opplysningsrett, opplysningsplikt og meldeplikt

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64?q=Helsepersonelloven+kap.+5%2C+6+og#KAPITTEL_5

§ 21: Hovedregel om taushetsplikt

Helsepersonell skal hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysningar om folk sine legems- eller sjukdomsforhold eller andre personlege forhold som dei får kjennskap til i eigenskap av å vere helsepersonell.

§ 31: Opplysning til nødetatar

Helsepersonell skal varsle politi og brannvesen dersom dette er naudsynt for å avverge alvorleg skade på person eller eigendom.

Barnevernloven § 6-4 og 6-7– Meldeplikt til Barnevernet, taushetsplikt og opplysningsrett

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100?q=barnevernlova>

§ 6-4: Innhenting av opplysning:

Opplysningar skal så langt som mogleg innhentast i samarbeid med den saka det gjeld eller slik at vedkommande har kjennskap til innhentinga.

Offentlige myndigheiter skal av eige tiltak, uten hinder av taushetsplikt, gje opplysning til kommunen si barnevernteneste når det er grunn til å tru at eit barn vert mishandla i heimen eller det føreligg andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. §§ 4-10, 4-11 og 4-12, når eit barn har vist vedvarende alvorlege atferdsvanskar, jf. § 4-24, eller når det er grunn til å tru at det er fare for utnytting av eit barn til menneskehandel, jf. § 4-29. Til liks med offentlege myndigheiter reknast organisasjonar og private som utfører oppgåver for stat, fylkeskommune eller kommune.

Også yrkesutøvere i medhold av helsepersonelloven, psykisk helsevernloven, helse- og omsorgstjenesteloven, lov om familievernkontorer, meklingsmenn i ekteskapsaker (jf. lov om ekteskap), samt friskolelova 1 plikter å gi opplysningar etter reglene i andre ledd.

Vedlegg 4



Kontaktliste	Tlf
Bremanger kommune: www.bremanger.kommune.no	577 96 300
Hauge Oppvekst	959 82 948
Kalvåg Oppvekst	959 82 955
Kolset Oppvekst	959 86 030
Davik Oppvekst	959 85 264
Ålfoten Oppvekst	959 85 266
Svelgen Oppvekst	916 58 537
Barnevern fagleiar	917 50 143
https://bremanger.kommune.no/a-a/barn-og-familie/barne-og-familievern/barnevern/	
Helsestasjon Svelgen	959 82 965
Helsestasjon Hauge	959 82 964
Psykisk helse fagleiar	959 82 989
Legevakt	577 93 313
Svelgen legekantor	577 96 400
Hauge legekantor	577 96 670
Politi – evt spør etter familievaldskoordinator	02800
Bremanger lensmannskantor (dagtid)	577 96 630
Politi Florø	577 58 800
Overgrepsmottak – mottak i Førde (evt legevakt i kommunen)	578 39 009
Krisesenteret i Florø	577 43 600
Familievernkontoret	578 64 990
NAV	555 53 333
Bufetat for informasjon: http://bufetat.no/	
Senter mot incest og seksuelle overgrep i Sogn og Fjordane (SMISO)	577 21 070
Ressurssenter om vold, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS- Vest)	559 76 695
Alarmtelefon for barn og unge	116 111
Barnehuset	555 56 900
Vern for eldre (09.00 – 15.00 på kvardagar)	800 30 196
Demensteam i kommunen – kontakt servicekontoret	577 96 300
Akan har ein rettleiingstelefon:	224 02 800
REFORM (Ressurssenter for menn)	223 40 950
JURK (Juridisk rådgjeving for kvinner)	228 42 950
MIRA (Ressurssenter for innvandrere- og flyktningkvinner)	221 16 920

--	--